

# Saksprotokoll

**Utvalg:** Plan og forvaltningsutvalet  
**Møtedato:** 23.01.2020  
**Sak:** 2/20

**Arkivsak:** 19/338  
**Tittel:** Saksprotokoll - Detaljreguleringsplan gbnr. 85/8 m.fl. Hagestrondi på Fimreite - fritidsbustader Klagehandsaming

---

## **Handsaming:**

**Plan- og forvaltningsutvalet** fann Stig Ove Ølmheim habil til å delta i handsaming av saka.

**Plan- og forvaltningsutvalet** sender saka til kommunestyret for vedtak.

**Oddbjørn Bukve (Sv)** sette fram slikt framlegg som tilråding: Klagen vert teken til følgje. Tilgang til felles båt- og badeplass må løysast før planen kan setjast i verk.

Oddbjørn Bukve (Sv) røysta for framlegget, og framlegget vart forkasta.

## **Vedtak:**

### **Plan- og forvaltningsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Kommunestyret tek klagar på detaljreguleringsplan for Hagestrondi på Fimreite – Fritidsbustader delvis til følgje, i samsvar med tilrådinga frå rådmann.

Klagen frå Mattilsynet vert teken til følgje.

Vedtak av detaljreguleringsplanen vert endra når det gjeld følgjande punkt:

Plan for vatn, avlaup og overvatn i tråd med krav i kommuneplan føresegn 2-1 bokstav c) pkt. 6 skal leggest fram og vere godkjent før reguleringsplanen kan gjevast rettsverknad. VA-plan skal vise løysing for vatn, avlaup, overvatn og sløkkevatn for utbyggingsområda.

Føresegn 4.6 vert endra til å lyde:

Godkjend VA-plan skal leggest til grunn for vidare detaljprosjektering og byggesakshandsaming. Før bruksløyve må vassverk ha tilstrekkeleg godkjenning for drikkevatn.

Saka vert sendt vidare til Fylkesmannen for endeleg handsaming, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.